

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGAVGJERD

2017/EØS/70/32

av 26. november 2012

om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011 med omsyn til arbeidsformidling og vidareføring av EURES

[meld under nummeret K(2012) 8548]

(2012/733/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011 av 5. april 2011 om fri rørsle for arbeidstakarar innanfor Unionen⁽¹⁾, særleg artikkel 38, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Det er gjort stor framgang sidan EURES-nettverket først vart innført ved kommisjonsvedtak 93/569/EØF av 22. oktober 1993 om gjennomføring av rådsforordning (EØF) nr. 1612/68 om fri bevegelighet for arbeidstakere innen Fellesskapet, særleg i forbindelse med EURES-nettet (Europeisk arbeidsformidling)⁽²⁾, med sikte på gjennomføring av rådsforordning EØF nr. 1612/68⁽³⁾. Nettverket vart konsolidert og styrkt gjennom endringa og vidareføringa ved kommisjonsvedtak 2003/8/EF⁽⁴⁾.
- 2) Det europeiske rådet godkjende 17. juni 2010 Europa 2020-strategien for smart, berekraftig og inkluderande vekst og oppmoda samstundes til full mobilisering av eigna EU-verkemiddel og -politikk for å medverke til å nå dei felles måla, og dessutan medlemsstatane til å auke dei samordna tiltaka sine.
- 3) Under møtet sitt 28. og 29. juni 2012 vedtok Det europeiske rådet ei pakt om vekst og sysselsetjing, og tilrådde, på grunnlag av meldinga «Towards a job-rich recovery» av 18. april 2012 frå Kommisjonen til Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet, at EURES-portalen bør utviklast til eit effektivt verktøy for europeisk arbeidsformidling og rekruttering.

- 4) EURES bør fremje ei betring av verkemåten til arbeidsmarknadene og oppfylling av økonomisk behov ved å lette den geografiske mobiliteten til arbeidstakarane, tverrnasjonalt og over landegrensene, og samstundes sikre at slik mobilitet finn stad under rettferdige vilkår og i samsvar med gjeldande arbeidsnormer. Nettverket bør medverke til opnare arbeidsmarknader og dermed sikre utveksling og handsaming av ledige stillingar og søknader om arbeid (dvs. «arbeidsformidling» slik det er definert i forordninga), og det bør støtte verksemd som er knytt til rekruttering, rådgjeving og rettleiing på nasjonalt plan og over landegrensene, og såleis medverke til at måla for Europa 2020-strategien vert nådde.

- 5) I lys av dei røynslene som er gjorde etter at nettverket først vart innført i 1993 og etter endringa i 2003, og samstundes som det vert teke omsyn til behovet for ei ytterlegare styrking og utviding av nettverket slik at det fullt ut kan slutte seg til måla for Europa 2020-strategien, bør den noverande samansetnaden av nettverket, fordelinga av ansvarsområde, framgangsmåttane for avgjerdstaking og katalogen over dei tenestene som skal ytast, få ny utforming.

- 6) Difor bør EURES i større grad leggje vekt på målstyring og resultat når det gjeld arbeidsformidling og rekruttering. I ein slik samanheng kan «arbeidsformidling» forståast som yting av tenester frå ein formidlar mellom tilbod og etterspurnad på arbeidsmarknaden med sikte på rekruttering, der rekrutteringa inneber at ei ledig stilling vert fylt.

- 7) Avskaffinga av monopol og utviklinga på andre område har ført til framvekst av ei rekkje ulike arbeidsformidlarar på arbeidsmarknaden. For å nå det fulle potensialet sitt må EURES opnast slik at desse aktørane kan ta del, på det vilkåret at dei fullt ut respekterer dei gjeldande arbeidsnormene og rettslege krava og andre kvalitetsstandardar innanfor EURES.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 328 av 28.11.2012, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 199/2013 av 8. november 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg V (Fri bevegelighet for arbeidstakere), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 19 av 27.3.2014, s. 28.

⁽¹⁾ TEU L 141 av 27.5.2011, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 274 av 6.11.1993, s. 32.

⁽³⁾ TEF L 257 av 19.10.1968, s. 2.

⁽⁴⁾ TEF L 5 av 10.1.2003, s. 16.

- 8) EURES-tenestene må vere klart definerte for å sikre at dei pliktene som forordninga legg på medlemsstatane, som er arbeidsformidling og utveksling og formidling av opplysningar knytte til arbeidsmarknaden, vert utførte på ein verknadsfull og effektiv måte. Dette vil innebere medverknad frå ulike aktørar, medrekna partane i arbeidslivet der dette er relevant.

- 9) I pakta om vekst og sysselsetjing bad Det europeiske rådet om at det skulle undersøkjast om det var mogleg å utvide EURES-nettverket til òg å dekkje lærling- og praktikantplassar. For å sikre samverknad og gjere det mogleg for EURES fullt ut å nå måla for Europa 2020-strategien, særleg når det gjeld å auke sysselsetjinga til 75 % innan 2020, samstundes som verkeområdet for forordninga vert overhalde, bør EURES òg kunne dekkje lærling- og praktikantplassar i den grad dei personane som det gjeld, vert rekna som arbeidstakarar slik det er definert i forordninga, og er minst 18 år, så framt det vert rekna som praktisk mogleg å formidle slike opplysningar i samsvar med gjeldande standardar.
- 10) For at EURES skal kunne yte tenestene på ein mest mogleg effektiv måte, bør dette nettverket integrerast i og verte ein del av det allmenne tenestetilbodet til dei deltakande organisasjonane, som kan få finansiering til nasjonale tiltak og tiltak over landegrensene frå Det europeiske sosialfondet.
- 11) For at EURES skal kunne medverke på ein effektiv måte til at arbeidsmarknadene skal fungere betre og utvikle seg i retning av ein europeisk arbeidsmarknad, bør dette nettverket òg spele ei viktigare rolle når det gjeld å fylla ledige stillingar som er vortne «flaskehalsar», og hjelpe særlege grupper av arbeidstakarar og arbeidsgjevarar ved å utvide EURES til å støtte målretta mobilitetstiltak på EU-plan, særleg gjennom å oppmuntre til utveksling av unge arbeidstakarar.
- 12) Det grunnlaget som dei nye verktøya for informasjons- og kommunikasjonsteknologi gjev til ytterlegare betring og rasjonalisering av dei tenestene som vert ytte, bør nyttast på ein best mogleg måte.
- 13) All handsaming av personopplysningar som vert utført innanfor ramma av denne avgjerda, bør finne stad i samsvar med EU-retten og nasjonal lovgjeving om vern av personopplysningar.
- 14) Av omsyn til klarleiken er det ønskjeleg å vidareføre EURES-nettverket og samstundes tydelegare definere samansetnaden av og strukturen og funksjonane til nettverket.
- 15) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det rådgjevande utvalet for fri rørsle for arbeidstakarar —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

EURES-nettverket

For å oppfylle dei pliktene som er fastsette i kapittel II i forordning (EU) nr. 492/2011, skal Kommisjonen, saman med medlemsstatane, skipe og drive eit europeisk nettverk for arbeidsformidling, kalla EURES.

Artikkel 2

Føremål

Til føremon for arbeidssøkjande, arbeidstakarar og arbeidsgjevarar skal EURES, i samarbeid med andre europeiske tenester eller nettverk og når det er føremålstenleg, fremje følgjande:

- a) utvikling av ein europeisk arbeidsmarknad som er open og tilgjengeleg for alle, og som fullt ut rettar seg etter gjeldande arbeidsnormer og rettslege krav,
- b) arbeidsformidling innanfor, mellom og over lande- og regiongrenser gjennom utveksling av ledige stillingar og søknader om arbeid, og deltaking i målretta mobilitetstiltak på EU-plan,
- c) klarleik rundt og informasjonsutveksling om dei europeiske arbeidsmarknadene, medrekna om levekår, arbeidsvilkår og utdanningstilbod,
- d) utvikling av tiltak for å oppmuntre til og leggje til rette for mobilitet blant unge arbeidstakarar,
- e) utveksling av opplysningar om lærling- og praktikantplassar slik det er definert i forordning (EU) nr. 492/2011, og når det er føremålstenleg, formidling av lærlingar og praktikantar,
- f) utvikling av metodar og indikatorar for dette føremålet.

Artikkel 3

Samansetnad

EURES skal omfatte følgjande partar:

- a) Det europeiske samordningskontoret for arbeidsformidling, i samsvar med artikkel 18, 19 og 20 i forordning (EU) nr. 492/2011.
- b) EURES-medlemmene, som skal vere særlege kontor som er peikte ut av medlemsstatane i samsvar med artikkel 11 nr. 2 i forordning (EU) nr. 492/2011 (heretter kalla «nasjonale samordningskontor»), slik det er fastsett i artikkel 5.
- c) EURES-partnarane, i samsvar med artikkel 15 nr. 1 i forordning (EU) nr. 492/2011. EURES-partnarane er peikte ut av dei respektive EURES-medlemmene og kan omfatte offentlege eller private tenesteytarar som driv verksemd innanfor det relevante arbeidsformidlingsområdet, og fagforeiningar og arbeidsgjevarorganisasjonar. Dei som vil kvalifisere seg som EURES-partnarar, må plikte seg til å oppfylle dei rollene og ansvarsområda som er fastsette i artikkel 7.

- d) Assosierte EURES-partnarar, som i samsvar med artikkel 6 yter tenester i avgrensa omfang under tilsyn av og innanfor ansvarsområdet til ein EURES-partnar eller Det europeiske samordningskontoret.

Artikkel 4

Rollene og ansvarsområda til Det europeiske samordningskontoret

1. Kommissjonen skal ha ansvaret for leiinga av Det europeiske samordningskontoret.
2. Det europeiske samordningskontoret skal syte for at føresegnene i kapittel II i forordning (EU) nr. 492/2011 vert oppfylte, og hjelpe nettverket til å utføre verksemda si.
3. Det skal særleg ha til oppgåve
 - a) å utforme ein samanhengande, heilskapleg strategi, og gje tverrgåande støtte til EURES og brukarane av nettverket, t.d. når det gjeld følgjande:
 - 1) drift og utvikling av ein europeisk nettportal for arbeidsmobilitet (heretter kalla «EURES-portalen») og tilhøyrande IT-tenester, medrekna system og framgangsmåtar for utveksling av ledige stillingar, arbeidssøknader i form av søknadsbrev, CV-ar, kvalifikasjonspass og liknande, og andre opplysningar, i samarbeid med andre relevante europeiske tenester eller nettverk,
 - 2) opplysnings- og kommunikasjonsverksemd knytt til EURES,
 - 3) opplæring av personale som arbeider med EURES,
 - 4) fremjing av nettverksbygging, utveksling av beste praksis og ymsesidig læring mellom EURES-medlemmer og -partnarar,
 - 5) deltaking frå EURES i målretta mobilitetstiltak på EU-plan,
 - b) å analysere geografisk mobilitet og arbeidsmobilitet med sikte på å oppnå jamvekt mellom tilbod og etterspurnad, og å utvikle ein overordna strategi for mobilitet i samsvar med den europeiske sysselsetjingsstrategien,
 - c) å ha ansvaret for ei generell overvaking og evaluering av EURES-verksemd, definere effekt, formidling og andre resultatindikatorar, og dessutan gjere tiltak for å kontrollere at dette vert utført i samsvar med forordning (EU) nr. 492/2011 og med denne avgjerda.
4. Kontoret skal vedta arbeidsprogramma sine og måla for EURES-nettverket i samarbeid med EURES-samordningsgruppa og etter rådføring med EURES-styret.

Artikkel 5

Rollene og ansvarsområda til dei nasjonale samordningskontora

1. Kvar medlemsstat skal peike ut eit særleg kontor slik det er fastsett i artikkel 11 nr. 2 i forordning (EU) nr. 492/2011, som skal ha ansvaret for å organisere arbeidet til EURES-nettverket i den aktuelle medlemsstaten.
2. Det nasjonale samordningskontoret skal syte for at dei pliktene til medlemsstatane som er fastsette i forordning (EU) nr. 492/2011, særleg dei som gjeld utveksling av opplysningar slik det er fastsett i artikkel 12, 13 og 14, vert oppfylte, ved at det skal
 - a) innføre og halde ved lag all teknisk og funksjonsretta infrastruktur og dei systema som er naudsynte for å gjere det mogleg for EURES-partnarane og dei assosierte EURES-partnarane å ta del i utvekslingssystemet,
 - b) stille til rådvelde dei opplysningane som krevst, anten frå kontoret sjølv eller frå EURES-partnarane som kontoret har ansvar for.
3. Kontoret skal, i nært samarbeid med Det europeiske samordningskontoret og dei andre nasjonale samordningskontora, særleg plikte seg til følgjande:
 - a) oppnemning av ein eller fleire EURES-partnarar, på grunnlag av ordninga for utveljing og akkreditering som er fastsett i artikkel 10 nr. 2 bokstav b) vii), og overvaking av verksemda deira,
 - b) planlegging og utarbeiding av jamlege rapportar om verksemda til og resultatata frå det nasjonale EURES-nettverket til det europeiske samordningskontoret,
 - c) samordning av deltakinga frå EURES i relevante målretta mobilitetstiltak på EU-plan.
4. Når det nasjonale samordningskontoret utnemner EURES-partnarar, skal det leggje vinn på å oppnå ei størst mogleg rekkjevidd når det gjeld geografi og arbeidsmarknad, og å yte best moglege tenester til arbeidssøkjjarar, arbeidstakarar og arbeidsgjevarar ved å sikre høveleg deltaking frå relevante arbeidsformidlarar og aktørar på arbeidsmarknaden.
5. På grunnlag av dei felles praktiske måla skal det nasjonale samordningskontoret utarbeide arbeidsprogram for dei nasjonale nettverka sine og sende desse over til Det europeiske samordningskontoret. Arbeidsprogrammet skal særleg omfatte følgjande:
 - a) dei viktigaste tiltaka som skal gjennomførast av det nasjonale samordningskontoret, EURES-partnarane og dei

assosierte EURES-partnarane som kontoret har ansvar for innanfor ramma av EURES-nettverket, medrekna tverrnasjonale tiltak, tiltak over landegrensene og sektorvise tiltak, slik det er fastsett i artikkel 15 i forordning (EU) nr. 492/2011,

- b) dei menneskelege og finansielle ressursane som er tildelte for gjennomføringa av kapittel II i forordning (EU) nr. 492/2011,
- c) ordningane for overvaking og evaluering av dei planlagde tiltaka.

Arbeidsprogramma skal òg omfatte ei vurdering av dei tiltaka som er gjennomførte og dei resultatane som er oppnådde i det føregåande tidsrommet.

Partane i arbeidslivet og andre EURES-aktørar som det gjeld, skal rådspørjast om arbeidsprogramma på eit høveleg nivå.

6. Det nasjonale samordningskontoret kan avgjere at det sjølv vil yte EURES-tenester direkte til arbeidssøkjjarar og arbeidsgjevarar, og skal då vere underlagt dei reglane som gjeld for EURES-partnarar som utfører dei same tenestene. I slike tilfelle skal det nasjonale samordningskontoret be Det europeiske samordningskontoret om akkreditering som EURES-partnar.

7. Kvar medlemsstat skal syte for at det nasjonale samordningskontoret får det personalet og andre ressursar som er naudsynte for at dei skal kunne utføre oppgåvene sine.

8. Det nasjonale samordningskontoret vert leidd av den nasjonale EURES-koordinatoren, slik det er fastsett i artikkel 10 nr. 2 bokstav b) iii).

Artikkel 6

Rollene og ansvarsområda til EURES-partnarane

1. Ein organisasjon som ønskjer å verte EURES-partnar, skal søkje om dette til sitt nasjonale samordningskontor, som kan peike ut ein slik organisasjon i samsvar med artikkel 3 bokstav b), på det vilkåret at han tek på seg, under tilsyn frå det nasjonale samordningskontoret, å samarbeide på regionalt, nasjonalt og europeisk plan innanfor EURES-nettverket, og å yte minst alle dei leveringspliktige tenestene som er nemnde i artikkel 7.

2. Ein EURES-partnar skal, anten åleine eller i samarbeid med andre EURES-partnarar, peike ut eitt eller fleire kontaktpunkt, t.d. arbeidsformidlingskontor og rekrutteringsbyrå, callsenter, sjølvbeteningsverktøy og liknande, som arbeidssøkjjarar, arbeidstakarar og arbeidsgjevarar kan nytte for å få tilgang til tenestene.

3. Ein EURES-partnar skal gjere tydeleg greie for kva tenester han kan tilby frå katalogen over EURES-tenester. Nivået for og innhaldet i tenestene kan variere avhengig av kontaktpunkt, så framti tenestene til ein EURES-partnar som heilskap omfattar alle dei leveringspliktige tenestene.

4. Alle EURES-partnarar skal plikte seg til å ta full del i utvekslinga av ledige stillingar og søknader frå arbeidssøkjjarar som ønskjer å arbeide i ein annan medlemsstat, i samsvar med artikkel 13 bokstav a) og b) i forordning (EU) nr. 492/2011 og artikkel 4 bokstav a) i) i denne avgjerda. Dei skal syte for at alt personale som tek del i tenesteytinga innanfor EURES, har full tilgang til IT-verktøy og andre kommunikasjonsverktøy som nettverket har til rådvelde.

5. Ein EURES-partnar som ikkje kan tilby ei særskild tilleggsteneste som er ført opp i katalogen over EURES-tenester, skal syte for at dei som ønskjer den aktuelle tenesta, vert viste vidare til andre EURES-partnarar som kan tilby denne tenesta.

6. Ein EURES-partnar kan overlate til ein annan organisasjon å yte tenester som kan auke verdien på partnaren sine egne tenester. Den andre organisasjonen skal då reknast som ein assosiert EURES-partnar, og EURES-partnaren har då det fulle ansvaret for arbeidet til den assosierte EURES-partnaren.

7. For at ein EURES-partnar skal kunne utføre oppgåvene sine, kan han inngå partnaraskap med ein eller fleire EURES-partnarar i andre medlemsstatar.

8. Det kan krevjast av ein EURES-partnar eller assosiert EURES-partnar at han medverkar når det gjeld den tekniske og funksjonsrette infrastrukturen og dei systema som er nemnde i artikkel 5 nr. 2 bokstav a).

9. For at ein EURES-partnar skal halde ved lag akkrediteringa si, må han halde fram med å oppfylle pliktene sine og yte dei tenestene som er avtalte, og underleggjast jamleg revisjon slik det er fastsett i ordninga for utveljing og akkreditering som er fastsett i artikkel 10 nr. 2 bokstav b) vii).

Artikkel 7

EURES-tenester

1. Dei samla EURES-tenestene skal omfatte rekruttering og arbeidsformidling, og skal dekkje alle fasar i arbeidsformidlinga, frå førebuing før rekruttering til støtte etter tilsetjing, og tilhøyrande opplysningar og rådgjeving.

2. Det skal gjerast nærmare greie for tenestene i katalogen over EURES-tenester som skal vere ein del av EURES-pakta slik det er fastsett i artikkel 10, og som skal omfatte dei leveringspliktige tenestene som alle EURES-partnarar skal tilby, og tilleggstenester.

3. Leveringspliktige tenester er dei som er fastsette i kapittel II i forordning (EU) nr. 492/2011, særleg artikkel 12 nr. 3 og artikkel 13. Tilleggstenester er ikkje obligatoriske i medhald av kapittel II i forordning (EU) nr. 492/2011, men oppfyller viktige behov på arbeidsmarknaden.

4. All tenesteyting til arbeidssøkjjarar og arbeidstakarar skal vere gratis. Dersom EURES-partnarar krev gebyr for tenester til andre brukarar, skal det ikkje vere nokon skilnad mellom dei gebyra som vert pålagde for EURES-tenester, og dei som er knytte til andre samanliknbare tenester som EURES-partnaren yter. Ved fastsetjing av gebyr skal det takast omsyn til eventuell finansiering frå Den europeiske unionen til støtte for yting av EURES-tenester, for såleis å unngå dobbeltfinansiering.

Artikkel 8

EURES-styret

1. EURES-styret skal hjelpe Kommisjonen, Det europeiske samordningskontoret og dei nasjonale samordningskontora med å fremje og overvake utviklinga av EURES.

2. Styret skal vere samansett av ein representant for kvar medlemsstat.

3. Dersom EURES-verksemd i ein medlemsstat vert finansiert gjennom eit finansielt instrument frå EU, t.d. Det europeiske sosialfondet, kan den nasjonale styresmakta som yter finansieringa, eventuelt ta del.

4. Representantar for organisasjonane til dei europeiske partane i arbeidslivet skal inviterast til å delta som observatørar på møta til styret.

5. Styret skal fastsetje arbeidsmåtane og møteføresegnene sine. Som ein allmenn regel skal leiaren kalle inn til møte to gonger i året. Styret skal leggje fram fråsegnene sine med vanleg fleirtal.

6. Styret skal leiast av ein representant for Det europeiske samordningskontoret, som òg skal vere sekretariat.

7. Kommisjonen skal rådføre seg med EURES-styret om spørsmål som gjeld strategisk planlegging, utvikling, gjennomføring, overvaking og evaluering av dei tenestene og dei typane verksemd som er nemnde i denne avgjerda, medrekna følgjande:

- a) EURES-pakta, i samsvar med artikkel 10,
- b) strategiar, praktiske mål og arbeidsprogram for EURES-nettverket,
- c) rapportane frå Kommisjonen som krevst etter artikkel 17 i forordning (EU) nr. 492/2011.

Artikkel 9

EURES-samordningsgruppa

1. For å hjelpe med utviklinga, gjennomføringa og overvakinga av EURES-verksemda skal Det europeiske samordningskontoret skipe ei samordningsgruppe som er samansett av nasjonale EURES-koordinatorar, som kvar og ein representerer ein EURES-medlem. Det europeiske samordningskontoret kan invitere representantar for dei europeiske partane i arbeidslivet og eventuelt representantar for andre EURES-partnarar og -sakkunnige til å delta på møta i samordningsgruppa.

2. Samordningsgruppa skal ta aktivt del i førebuinga av arbeidsprogram og samordninga av gjennomføringa av desse.

3. Samordningsgruppa kan skipe faste eller mellombels arbeidsgrupper, særleg med sikte på planlegging og gjennomføring av tverrgående støttetiltak.

4. Det europeiske samordningskontoret skal organisere arbeidet til samordningsgruppa.

Artikkel 10

EURES-pakta

1. Kommisjonen skal vedta EURES-pakta i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 12 nr. 2, artikkel 13 nr. 2, artikkel 19 nr. 1 og artikkel 20 i forordning (EU) nr. 492/2011, etter samråd med EURES-styret, som er skipa ved artikkel 8 i denne avgjerda.

2. På grunnlag av prinsippet om at alle ledige stillingar og søknader om arbeid som vert offentleggjorde av ein av EURES-medlemmene, skal vere tilgjengelege i heile Unionen, skal EURES-pakta særleg fastsetje følgjande:

- a) Katalogen over EURES-tenester, som gjev oversikt over dei allmenne tenestene og tilleggstenestene som kan ystast av EURES-medlemmer og -partnarar, medrekna arbeidsformidlingstenester som t.d. personleg rådgjeving og rettleiing til kundar, anten dei er arbeidssøkjjarar, arbeidstakarar eller arbeidsgjevarar.
- b) Utvikling av nyskapande tverrnasjonalt samarbeid og samarbeid over landegrensene med omsyn til arbeidsformidling, t.d. felles arbeidsformidlingskontor, med sikte på at arbeidsmarknadene skal fungere betre, verte betre integrerte og betre mobiliteten sin. Samarbeidet kan omfatte sosialtenester, partane i arbeidslivet og andre institusjonar som det gjeld.
- c) Fremjing av samordna overvaking og vurdering av overskot og mangel på kvalifikasjonar.

- d) Dei praktiske måla for EURES-nettverket, kva kvalitetsstandardar som skal nyttast, og kva plikter EURES-medlemmene og -partnarane har, medrekna
- i) samverknad mellom relevante databasar over ledige stillingar og arbeidssøknader og EURES-nettverket for arbeidsformidling, og det tenestenivået som skal nyttast,
 - ii) den typen opplysningar som dei må gje til kundane sine og resten av nettverket, t.d. arbeidsmarknadsopplysningar, opplysningar om levekår og arbeidsvilkår, opplysningar om arbeidstilbod og arbeidssøknader, opplysningar om lærling- og praktikantplassar, tiltak for å oppmuntre til mobilitet blant ungdom, høve til å tileigne seg kvalifikasjonar og hindringar for mobilitet, i samarbeid med andre relevante europeiske tenester eller nettverk,
 - iii) omtalar av arbeidsoppgåver og kriterium for oppnemning av nasjonale koordinatorar, EURES-rådgjevarar og anna viktig personale på nasjonalt plan,
 - iv) opplæring og kvalifikasjonar som krevst for EURES-personale, og vilkår og framgangsmåtar for organisering av vitjingar og av oppgåvene til tenestemenn og spesialisert personale,
 - v) utarbeiding av arbeidsprogram, framlegging av desse for Det europeiske samordningskontoret og gjennomføring av arbeidsprogramma,
 - vi) vilkår som gjeld for bruken av EURES-logoen for EURES-medlemmer og -partnarar,
 - vii) ordninga for utveljing og akkreditering av EURES-partnarar,
 - viii) prinsipp for overvaking og evaluering av EURES-verksemnd.
- e) Framgangsmåtar for utarbeiding av eit einsarta system og felles modellar for utveksling av opplysningar om arbeidsmarknaden og mobilitet innanfor EURES-nettverket, slik det er fastsett i artikkel 12, 13 og 14 i forordning (EU) nr. 492/2011, medrekna opplysningar om arbeid og utdanningstilbod i Den europeiske unionen som skal integrerast i EURES-portalen.

Artikkel 11

Fremjing av EURES

1. EURES-medlemmer og -partnarar skal aktivt fremje EURES.

2. Dei skal ta del i ein overordna kommunikasjonsstrategi som er utarbeidd for å sikre brukarane konsekvens og samanheng i nettverket, og dei skal òg ta del i felles tiltak for å informere og fremje nettverket.

3. Akronymet EURES skal berre nyttast for verksemnd innanfor EURES-nettverket. Det skal illustrerast ved ein standard logo som er definert i eit grafisk dokument og vedteken av Det europeiske samordningskontoret.

4. Logoen er registrert som eit fellesskapsvaremerke ved Kontoret for harmonisering i den indre marknaden (KHIM), og kan nyttast av EURES-medlemmer og -partnarar i all verksemnd som er knytt til EURES, for såleis å sikre ein felles visuell identitet.

Artikkel 12

Samarbeid med andre tenester og nettverk

EURES-medlemmer og -partnarar skal samarbeide aktivt med andre europeiske informasjons- og rådgevingstenester og nettverk på europeisk, nasjonalt og regionalt plan med sikte på å oppnå samverknad og unngå overlapping.

Artikkel 13

Oppheving

Vedtak 2003/8/EØF vert oppheva. Det skal likevel framleis nyttast på tiltak som det vert levert inn søknad for før den dato den avgjerda tek til å gjelde.

Artikkel 14

Iverksetjingsdato

Denne avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2014.

Artikkel 15

Adressatar

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferd i Brussel, 26. november 2012.

For Kommisjonen

László ANDOR

Medlem av Kommisjonen